



Kåre Jordal
Klokkarstien 21
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/70 - 18/5276

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
16.02.2018

Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 139/66 Tveiten nedre

Tiltak: Tveiten nedre
Byggjestad: Gbnr: 139/66 Klokkarstien 21
Tiltakshavar: Kåre Jordal
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.01.2018.

Byggjegrænse mot sjø

Omsøkte garasje ligg innafor 100 metersbelte mot sjø og er difor i konflikt med byggjegrænse. Slik søknad ligg føre no må du søkja dispensasjon dersom du ønskjer garasje plassert som vist på innsendte situasjonsplan.

Vi gjer merksem på at ved å plassere garasje nærare tomtegrænse i aust vil den kunne ligga utafor byggjegrænse og krav til dispensasjon utgår. Om endra plassering er aktuelt, ber vi om at nytt situasjonskart vert sendt inn til oss.

LNF-føremål

Tomta ligg innafor det som i kommuneplanens arealdel er sett av til LNF-føremål. For at vi skal kunne handsame søknaden må De søkja dispensasjon i frå planføremålet.

Kommunen ber om at tilleggskommunikasjon vert sendt inn samla innan 16.03.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksem på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kåre Jordal

Klokkarstien 21 5911

ALVERSUND